

Skrevet hjemme
As ius eldre år og ane

SOLVENDING

Tenk, enno ein gong vender soli,
trass myrkret ser ut til å vinna,
og kald-svarte vinter — kring joli —
med dødshandi livet vil finna —
Tenk, no byrjar soli å stiga!
Legg glans over blåfrosne lider.
So vintren må bleikna og siga,
og vika for ljósare tider

Då synd-myrkret mannshjarto rådde,
og ute all von vilde stengja
rann soli som sjáarar spádde,
med lækjedom under si vengja.
Med' Kongsstjerna Himmelen gyllte
Kring Betlehems marker hin gongen,
og englane luftcmet fyllte
med song om den nyfødde Kongen.

No kjem han — åny — Vår Frelsar,
Den Gud-gjevne Lækjedornssoli!
Me gjeng han til møtes og helsar,
og bed honom til oss i joli —:
»Velkomen til oss og til våre
Du ven som vår dødsdom fekk endra!
Strål inn, Du Guds Nádesklære,
og Gudstiv i heimane tendra!

JOHS. M. RYDLAND

1964

Skrevet hjemme i 1968-53